

Førstelektor Benthe Kolberg Jansson, Høgskolen i Østfold
Førstelektor Hilde Traavik, Høgskolen i Bergen

”Tidleg start” med skriving og lesing på både nynorsk og bokmål – kvifor og korleis?

Innleiande merknad: Denne teksten, slik han her ligg føre, er det som på engelsk blir kalla ”work in progress”; ein uferdig artikkel. I løpet av nokre veker frå publiseringsdatoen vil artikkelen liggje føre som ferdig produkt.

I den teksten du nå les, er innleiinga og avsluttinga førebelse og vil truleg bli endra noko før vi reknar produktet som ferdig. Dessutan vil vi skildre korleis ”tidleg start” med nynorsk førre skoleår vart gjennomført på tredje og sjuande klassetrinn, i tillegg til det som blir publisert nå: ei skildring av korleis vi har arbeidd med ”tidleg start” på femte klassetrinn.

Bakgrunn for prosjektet

Kva går ”tidleg start” ut på? ”Tidleg start”-prosjekta er knytte til Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) sin ”Tiltaksplan 2009–2012”. På s. 7 i denne planen er følgjande tiltak formulert: ”Setje i gang prosjekt med følgjeforskning for utprøving av ”tidleg start” med nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som hovudmål.” I tiltaksplanen er femte klassetrinn nemnt som det trinnet der utprøving av ”tidleg start” skal ta til.

Skoleåret 2010–2011 har vi, Benthe Kolberg Jansson (BKJ) og Hilde Traavik (HT), brukt det meste av FoU-tida vår på prosjektet ”tidleg start” i tre tredjeklassar, to femteklassar og ein sjuandeklasse.

Kvifor er det interessant å prøve ut ”tidleg start” med nynorskopplæring i lesing og skriving for elevar med bokmål som opplæringsmål? Den mest openberre grunnen er at det faktisk står i læreplanen at elevane skal utvikle kompetanse i begge dei to norske målformene. I norskplanen i *Kunnskapsløftet* seier to av kompetansemåla etter 7. årstrinn at elevane skal kunne ”lese et mangfold av tekster i ulike sjangrer og av ulik kompleksitet på bokmål og nynorsk” og kunne ”eksperimentere med ulike språkvarianter i egen skriving på bokmål og nynorsk ...”. Elevane skal også ”oppleve at nynorsk er ein del av moderne norsk språk og eit viktig grunnlag for deira språklege og kulturelle identitet”, som det står i tiltaksplanen frå Nynorsksenteret. Dessutan vil elevane truleg ha ein fordel når dei kjem på ungdomstrinnet og skal lære seg nynorsk som sidemål. Skal elevane nå desse måla, er det klart at vi må la dei lese og skrive på både nynorsk og bokmål – tidleg og mye.

Tidleg start med *framandspråk* blir prøvd ut mange stader i landet, og er tilrådd på grunnlag av internasjonal forskning. Når det gjeld framandspråkundervisning i Noreg, så har det første framandspråket vore – og er framleis – engelsk. For fleire tiår sidan fekk elevane engelskundervisning først på femte trinn. Seinare vart engelskundervisninga flytta til fjerde klasse (som då var det lågaste klassesteget på mellomsteget). Frå og med L97 har engelskundervisninga tatt til alt ved skolestart. Grunnen til at elevane sitt første møte med engelskfaget er blitt flytta nedover på klassetrinna, er sjølvsagt at forskning og erfaring viser at born har eit stort potensial for språklæring. Eller for å seie det med ein av informantane våre på femte trinn: Ho trudde det å ha arbeidd med lesing og skriving på nynorsk ville bli til hjelp når ho kom til ungdomstrinnet, ”for eg har hørt at ein lærer betre når ein er yngre”. Sett i dette perspektivet er det merkeleg at ikkje nynorsken sin plass i læreplanane og skolen har hatt same utvikling som engelsk.

Som sagt er det også målformuleringar i *Kunnskapsløftet* som tydeleg legitimerer ”tidleg start” med ”det andre målet”. Korleis det kan gjerast, eller snarare korleis det har vore gjort i prosjekta våre, skal resten av denne artikkelen handle om.

Korleis kan ein leggje opp til "tidleg start" i undervisninga?

Femteklassane

Dei to *femteklassane* som er med i prosjektet, held til på Sotra i nærleiken av Bergen, i eit område der nynorsken tradisjonelt har stått sterkt. I nyare tid har mange bergensarar flytta dit, og talemålet er i endring, mellom anna på grunn av denne tilflyttinga. Det er Hilde Traavik (HT) som har hand om denne delen av prosjektet.

Den eine femteklassen, med 15 elevar, har *nynorsk* som opplæringsmål. Den andre, med 25 elevar, har *bokmål* som opplæringsmål, og er i høve til Nynorsksenteret sin tiltaksplan den av dei to klassane som mest opplagt høyrer heime i prosjektet. Vi ønskte likevel å inkludere parallellklassen med nynorsk som opplæringsmål, for å prøve å finne ut noko om i kva grad og korleis desse elevane, utan eksplisitt undervisning i det, tileignar seg kompetanse i lesing og skriving på bokmål, som på ungdomstrinnet blir sidemålet deira.

Bokmålsklassen består som sagt av 25 elevar, og foreldra til nokre få av dei svara nei på førespurnaden om deltaking i prosjektet. Grunnpilaren i bokmålelevane sin tidlege start med lesing og skriving på nynorsk er at klassen har fått samfunnsfagsbøker på nynorsk. Dei elevane som ikkje fekk foreldra si tillating til å vere med i prosjektet, har fått bøkene på bokmål. Klasselæraren opplever ikkje dette som noko problem, og det ser ikkje ut til at elevane gjer det heller. Læraren si tavleskriving i samfunnsfagsundervisninga går for ein stor del føre seg på nynorsk. Ho legg vekt på å forklare ord og omgrep i læreboktekstane som kan vere ukjende og vanskelege for elevane. Ho oppmodar også elevane om å skrive på nynorsk når dei skal svare på oppgåver frå læreboka, utan å leggje press på dei. Frå tid til annan får elevane beskjed om at dei *skal* prøve å skrive på nynorsk, fordi det er bruk for det i høve til forskingsprosjektet dei veit dei er med i. I denne delen av prosjektet vil vi prøve å finne ut om bruk av lærebøker på nynorsk i samfunnsfag kan bidra til å gi bokmålelevar ein god og tidleg start med omsyn til tileigning av lese- og skrivekompetanse på nynorsk.

Dette at nokre få av elevane ikkje er med i prosjektet, ser altså ikkje ut til å vere noko problem i den daglege undervisningssituasjonen. I forskingsprosjektet har vi valt å sjå på det som ein ressurs, heller enn eit problem. Ein viktig del av forskingsprosjektet er analyse av tekstane elevane skriv, og dei elevane som ikkje deltar i prosjektet, kan vise seg å bli ei interessant og viktig kontrollgruppe.

"Tidleg start"-opplegget har vore gjennomført nesten, men ikkje heilt, likt i dei to klassane. Det som er ulikt, er at nynorskklassen ikkje har lærebøker på "det andre målet". Elles har lærarane i begge klassane lagt vinn på å drive med kontrastiv undervisning. Det vil seie at dei i større grad enn tidlegare stimulerer elevane sitt språklege medvit gjennom å vise, forklare og snakke med elevane om likskapar og skilnader mellom bokmål og nynorsk.

Dei to klassane har også fått nokre sett av Cappelen Damm: *Leseuniverset 5–7* på nynorsk. Desse "småbøkene" inneheld samfunnsfaglege tekstar og tekstar i skjønnlitterære sjangrar, og det er oppgåver til tekstane. Læraren i bokmålsklassen har rapportert at elevane kosar seg med å lese i og løyse oppgåver frå desse bøkene, og at det aldri blir kommentert at dei er på nynorsk. Det kan tyde på at elevane er blitt så vande med å lese og skrive på nynorsk at negative haldningar (som ikkje er mindre vanlege i Bergens-området enn i andre delar av landet) langt på veg har forsvunne.

I begge klassane har HT vore på besøk tre gonger. Første gongen, i oktober 2010, snakka ho med elevane i begge klassane om prosjektet dei skulle vere med på, og ho las høgt frå Rune Belsvik si bok *Forteljingar om Jolver* (Cappelen Damm 2009). Forteljinga som vart vald ut, "Forteljinga", handlar om Jolver som slit med å skrive ein tekst han skal levere på skolen neste dag. Forteljinga fall i svært god jord i begge klassane, og HT måtte love å lese meir frå denne boka neste gong ho skulle kome på besøk.

I byrjinga av oktober skreiv elevane ein tekst, "Dersom eg vann ein million" (nynorskklassen) og "Hvis jeg vant en million" (bokmålsklassen). Denne teksten skreiv elevane altså på opplæringsmålet sitt. Ei veker tid seinare skreiv begge klassane ein tekst der dei skulle prøve å bruke "det andre målet". Bokmålsklassen skreiv då ein tekst på nynorsk om emnet dei heldt på med i samfunnsfag, "Det gamle Hellas", medan nynorskklassen skreiv ein tekst på bokmål om Stian Holes biletbok *Garmanns hemmelighet*, etter at læraren hadde lese boka (som var skanna og vart vist på storskjerm) for elevane.

I februar besøkte Traavik klassane att. Ho heldt løftet sitt og las høgt for elevane ei ny forteljing frå *Forteljingar om Jolver*, "Nevane" (om Jolver som er forelska og ikkje heilt veit korleis han skal takle det), og også denne gongen vart forteljinga tatt vel i mot i begge klassane. Rune Belsvik si bok fungerte svært godt – så godt at vi utan tvil kan tilrå ho som høgtlesingsbok på dei mellomste klassetrinna.

I *bokmålsklassen* gjekk klasselæraren gjennom "dagens tekst" i samfunnsfagsboka. Ho laga eit skjema på tavla, der ho skreiv nokre ord som kunne vere vanskelege for elevane. Deretter snakka ho med elevane om kva orda heitte på bokmål, og skreiv desse orda inn i skjemaet. Her er eit par døme:

Vanskelege ord	Forklaring
<i>lækte</i>	<i>gjorde frisk</i>
<i>skjemd mat</i>	<i>øydelaagd mat</i>

Gjennom desse aktivitetane fekk elevane utvida ordforrådet sitt, og dei fekk betre førforståing i møte med teksten dei skulle arbeide med. Etterpå las elevane høgt og etter tur kvar si setning frå nokre sider i samfunnsfagsboka, om Aristoteles. Dette meistra dei fleste godt, og det forstyrta ikkje at nokre få elevar (dei som foreldra ikkje ønskjer skal delta i prosjektet) las på bokmål frå bøkene sine. Deretter stilte læraren nokre spørsmål til teksten, og elevane svara.

Neste post på programmet var at elevane skulle lese innanåt to sider i samfunnsfagsboka, om "Krigarstaten Sparta". Deretter skulle dei lage eit tankekart, og ut frå dette skulle dei skrive på nynorsk ei attforteljing av det dei hadde lese. Undervegs tok læraren ordet og nemnde fakta frå teksten, til dømes at jentene var relativt jamstelte i Sparta. Denne skriveoppgåva såg ut til å fungere bra, dei fleste kom godt i gang og skreiv tekstar med mange nynorske ord og vendingar. Ikkje minst galdt det ein gut som er blant dei som er komne kortast i si skriveutvikling. Dette var den kloke læraren merksam på, og eleven var den første som fekk lese opp teksten sin. Fleire andre las tekstane sine, og alle fekk gode ord av læraren.

Deretter snakka HT med elevane om dette at forteljingane ho las for dei, og dei fleste elevane sine samfunnsfagsbøker, er på nynorsk, og spurde om det gjekk greitt å lese og forstå det. Elevane gav uttrykk for at det gjekk bra.

Elevane fekk også skryt for dei fine tekstane dei har skrive til forskingsprosjektet, og HT passa på å understreke at det å skrive og lese på både nynorsk og bokmål er noko læreplanen, "som alle lærarar skal følgje, for at elevane skal lære det dei skal", slår fast. Deretter spurde ho om elevane kunne nemne nokre ord som er forskjellige på nynorsk og bokmål, og skreiv orda på tavla: eg – jeg, ikkje – ikke, eit – et, ein – en, ete – spise, kvifor – hvorfor og skule – skole. (Nokre av desse orda kan brukast på begge måla, men dette tematiserte vi ikkje for femteklassingane.) Vi snakka også om kva vi kunne kalle dialekten til elevane, og vart samde om "Sotra-bergensk", og om ordformene i denne dialekten ligg nærast nynorsk eller bokmål. Det viste seg at dei aller fleste brukte ordformene "eg" og "ikkje", men "en" og "et". "Ete" og "spise" vart brukt om ein annan, og "kvifor" og "hvorfor" var det ingen

som brukte, men "korfor". Altså vart vi samde om at elevane sin dialekt ligg ein stad mellom nynorsk og bokmål.

I *nynorskklassen* hadde læraren skanna Hovland/Kove si biletbok *Johannes Jensen føler seg annerledes*, og ho viste boka for elevane på storskjerm. Deretter fekk dei i oppgåve å skrive "biodikt" på bokmål om Johannes Jensen og eventuelt andre figurar frå denne bokserien, som dei hadde lese fleire av tidlegare. Etter at alle hadde fått tid til å skrive minst eitt dikt, kom elevane fram, ein etter ein, og las dikta sine. Det vart mange fine tekstar, og alle elevane hadde heilt klart mye kompetanse i å skrive på bokmål. Men så godt som alle hadde nokre nynorske ord med i tekstane sine, iallfall i opplesinga. Dette vart kommentert av nokre av elevane på ein heller negativ måte, noko læraren sa klårt frå om at ho ikkje aksepterte. (Sjølv om dette var negativt, viste det likevel at elevane er språkleg medvitne og har god greie på viktige skilnader mellom nynorsk og bokmål.)

Etterpå vart mye av det som var gjort i bokmålsklassen, også gjort i *nynorskklassen*. Blant dei 13 elevane som var til stades denne dagen (to var sjuke), var det tolv som sa "eg" og ein som sa "jeg", same fordeling på "ikkje" og "ikke", fire som sa "eit" og ni som sa "et", og tre meinte at dei brukte ordforma "kvifor", to "hvorfor" og åtte "korfor". Også i denne klassen fann vi saman ut at talemålet til elevane ligg ein plass mellom dei to skriftspråka.

I slutten av mars produserte elevane på nytt tekstar til bruk i forskingsprosjektet. Denne gongen skreiv begge klassane på opplæringsmålet sitt, etter å ha hørt på lydbokframføring av Bjørn Ingvaldsen sine bøker *Au da, au da* og *Jada, jada*. Elevane lika desse bøkene svært godt, og tekstane dei skreiv etter å ha lytta til dei, er tydeleg inspirerte og relativt lange.

I midten av juni var det tid for besøk i klassane igjen. Denne gongen skreiv bokmålelevane igjen ein samfunnsfagstekst på nynorsk – dei repeterte stoff dei før hadde arbeidd med om Romarriket. Før skrivinga las dei høgt frå samfunnsfagsboka, og høgtlesinga av nynorsk tekst gjekk flott, også for elevar som ikkje er blant dei sterkaste lesarane i klassen. Deretter skreiv elevane i 20 minutt, og HT fekk tekstane med seg for å bruke dei i forkinga.

Medan elevane skreiv, gjennomførde forskaren "lyn-intervju" med fire av elevane – ein sterk skrivar, ein som er over gjennomsnittet, ein som er under gjennomsnittet og ein som ikkje er komen så langt. Det same vart seinare gjort i bokmålsklassen, og i begge klassane kom det fram at elevane syntes det var kjekt eller "heilt ok" å lese og skrive på "den andre målforma". Alle elevane meinte dei ville ha nytte av å ha vore med på prosjektet, når dei om eit par år byrjar på ungdomstrinnet og skal ha sidemålsundervisning.

Til slutt gjekk vi saman gjennom teksten "Kjærleiksboka" (*Les for meg*, s. 98–99), og merka oss kva ord som var nynorske ordformer og kva ord som var fellesformer på bokmål og nynorsk. Vi fann saman ut at teksten var på om lag 175 ord, og at bare om lag 35 av dei blir stava annleis på nynorsk enn på bokmål. Med andre ord fann vi ut at det er fleire likskapar enn skilnader mellom bokmål og nynorsk.

Vegen vidare

Skoleåret 2011–2012 held vi fram med "tidleg start"-prosjekta. I tillegg til klassane vi har følgd i eit år, kjem ein bokmålsklasse på femte trinn i Halden med.

Også dette skoleåret skal vi besøke klassane, og elevane skal skrive tekstar på begge målformer. Tekstane skal vi analysere for å prøve å kartleggje korleis elevane si skrive- og leseutvikling, både på nynorsk og bokmål, går føre seg. Det er gjort lite forking på mellomstegselevar si skriftspråkutvikling, og det ønskjer vi å gjere noko med. På lengre sikt håpar vi å kunne følgje elevane til og med første året på ungdomssteget, i håp om å finne ut korleis elevane "våre" klarar seg i sidemålet, samanlikna med elevar som ikkje har fått "tidleg start"-stimulering.